

over fjorden

KYRKJEBLAD FOR KVINNHERRAD PRESTEGJELD

Desember 2007

Årgang 5

Nr. 3



*Glasmaleri i Ølve kyrkje - frå 1954:
Juleevangeliet av Malvin Neset*

Innhald:

Frå redaktøren:

Alternativ julegåve i år ? s. 2

Andakten: Gud har fått ny adresse
v/biskopen. s. 3

Minivisitas i Varaldsøy
v/Hildur Øvsthus. s. 4

Intervju med det nye presteparet
v/Ida Opdal. s. 5

Glimt av møte med 4 og 6 åringar.
s. 6

Julehilsen v/Selle s. 7

Fleire konfirmantjubiläum. s. 7 – 9

Dåp med 5 generasjonar - og om
dåpsklubben TRIPP TRAPP. s. 10

Min julasong v/ Klara Berge. s.11

Konfirmantsamling i Rosendal
v/Åge Sætre. s. 12

TV-overføring til Rosendals-tunet
v/Per Inge Olsen. s.13

Frå vogge til grav. s. 14

Gudstenesteplan våren 2008.
s. 15



OVER FJORDEN Kyrkjeblad for Kvinnherad prestegjeld. Kontonr. : **3460.10.18049** med adr.: Over Fjorden v/ Grethe Ljostveit, 5637 Ølve

Redaksjonsnemnd:

Hildur Øvsthus, redaktør, 5636 Varaldsøy, Tlf.53488159. Sjå kont.sekr. under Grethe Ljostveit, kasserar, 5637 Ølve, tlf. 53489291, arb. 53486980. Ida Opdal, 5472 Seimsfoss, tlf. 53481484. E-post: ida.opdal@knett.no Ola Matti Mathisen, Geilo 39, 5463 Uskedalen, tlf. 99371325.

E-post: olamatti.mathisen@knett.no Gunnlaug Vågen Tjelmeland, 5499 Åkra, tlf. 53479968. Epost: gunnlaug.vagen.tjelmeland@kvinnherad.kommune.no Airin Helene Zimmer, Storhaugvegen 26, 5637 Ølve, tlf. 477 53 553. Ragnar Nøttveit, 5475 Ænes, tlf. 53484543. E-post: ragnar.nottveit@knett.no Åge Sætre og Sven Harald Nilsen (sjå her meir under).

Kyrjekontoret i Kvinnherad:

Boks 161, 5470 Rosendal, tlf. 53481182, fax: 53480977. Kontorsekretær Hildur Øvsthus. E-post kontor: hildur.ovsthus@kvinnherad.kommune.no

Sokneprest i Kvinnherad, Uskedalen og Ænes

Sven Harald Nilsen. Kontor 53481182, m.tlf. 47672897. E-post: sven.harald.nilsen@kvinnherad.kommune.no

Sokneprest i Ølve, Hatlestrand, Varaldsøy

og Åkra: Åge Sætre, Krakanesvn 7, 5635 Hatlestrand, tlf. 53488870, fax: 53484787, m.tlf. 40413694. E-post: agesatre@hotmail.com

Kyrkjelydssekretær i Kvinnherad

Oddbjørg Heimark, P.b.166, 5486 Rosendal, tlf. 53 48 19 36, priv 53 48 11 84

Organistar i Kvinnherad:

Mest sørsida: Peter Couzens, Kyrkjevn. 28, 5470 Rosendal, tlf. 53484292
Mest nordsida: Reidar Karstein Algerøy, 5635 Hatlestrand. M.tlf.: 97677244.

E-post: reidar.algeroy@knett.no

Kyrkjeverje i Kvinnherad:

Arne Lindekleiv, Røssland, 5460 Husnes, tlf. arb. 53483293, priv. 53471551. M.tlf. 95121300. E-post:

arne.lindekleiv@kvinnherad.kommune.no

Gravar (ikkje Varaldsøy sokn):

Johannes Rørvik, 5450 Sunde. Tlf: 53471376, mob. 48895730

Varaldsøy sokn

Gravar: Svale Våge, 5636 Varaldsøy, tlf. 53488158

ALTERNATIV JULEGÅVE I ÅR - ?

Så er du vel i gong igjen, med julegåvene. Det er neimen ikkje så lett å koma på kva som kan vera kjærkomne gåver, dei fleste av oss har alt me treng og meir til. Likevel, me har lyst til å gle kvarandre, lyst til å visa at me bryr oss om kvarandre. Det er fint om me kjem på å gje noko som varer, helst lenger enn den tida julepynten er framme.....

Då skal du få eit godt tips her! Kva med å gje "OVER FJORDEN" i julegåve? Det er sikkert mange som har vener og slekt som ikkje bur i Kvinnherad lenger, men som vil setja pris på å få litt orientering om kva som skjer på kyrkjefronten i heimbygda. Då vil dei òg få julegåve 3 gonger i året...! Du kan kontakta nokon i redaksjonsnemnda, så skal me ordna med det praktiske.

Du kan også gje "OVER FJORDEN" ei kjærkomen julegåve.

I dette nummeret finn du giroblankett for bladpengar for 2008. Som før er rubrikken for sum open, kva og ein kan gje etter eige ynskje. Me i redaksjonen må berre vedgå at det er altfor få som betaler for bladet. Økonomien vår er ikkje god. Det er ikkje sikkert me maktar å gje ut 3 blad neste år, om ikkje inntektene aukar. Her trengst innsats frå alle som er glade i Kyrkjebladet! Det er lett å gløyma bladpengane no i julestria. Bestem deg for å ordna betalinga med det same! Så kan det vera lurt å minna vener, naboar og slektningar om det same: Har du betalt "OVER FJORDEN"? Kanskje du kan setja i gang ein SMS-stafett i din venekrins om dette? Det finst mange måtar, bruk fantasien! Lukke til!

Redaksjonsnemnda ynskjer alle ei riktig god og velsigna julehøgtid !

HØ

FRÅ KVINNHERAD TIL NORD-TRØNDELAG

1. oktober tok eg til i teneste som sokneprest i Namsskogan og Røyrvik prestegjeld og vi har funne oss vel til rette i ein splitter ny prestebustad på Trones i Namsskogan kommune. Vi er ikkje ennå ekspertar på trøndermål, men overgangen frå Sunnhordland til Namdalen har vore både spanande og interessant. Her vert nok skia viktigare enn båten. Det vert nok ingen grøn vinter her.

Vi har med oss gode minner frå Kvinnherad og Sunnhordland og ynskjer Dykk alle ei signingsrik julehelg og eit godt nyår. "Gled Dykk i Herren alltid"

Helsing Anne og Ingolv Gjedrem

Andakten:

Gud har fått ny adresse

“Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede”, seier engelen den natta då Jesus vart fødd (Luk 2,10). Dei orda er sanne. Julenatt er vendepunktet i tida, høgdepunktet for kjærleiken, utgangspunktet for frelsa og midtpunktet for tilbedinga.

Det har tatt tid for meg å sjå det slik. Som prest har eg bora og bora i juleevangeliet, eg skal jo seie noko nytt om den gamle bodskapen kvar einaste jul. Men det har skjedd med meg som med mange andre: På vegen inn i tekstene vart merksemda fanga av det ytre: Det vakre ved at det handlar om eit barn. Det sørgjelege ved at der var så lite gjestmildskap på jorda. Maria som var fortvila og gjetarane som var forskrekka. Vi må lengre inn i bodskapen. Lengre inn og djupare ned.

Jesu fødsel markerer **vendepunktet i tida**. Gud har meldt flytting og skifta adresse. Han har flytta inn i gatene våre, heimane våre og i dei risikofylte livsprosjekta våre. No er det ”før og etter Kristus”.

Og det har han gjort utan nokon som helst garanti for å verte tatt imot. Julenatt er **høgdepunktet for kjærleiken**. Gud tok på seg menneskekropp, endå han visste at det ville koste han dyrt. Med evig kjærleik har han elska oss (Jer 31,3). No orka han ikkje vente på oss lenger.

Julenatt er **utgangspunktet for frelsa**. Det er klart at det måtte kome eit framhald. Den store frelseshendinga fann stad då han døydde for oss på krossen. Men utgangspunktet er hendinga julenatt, då Gud vart menneske. Vi fekk ein bror som handling er så vidunderleg og merkeleg at den eigentleg berre kan møtast sakssvarande i tilbedinga. Vi leiter etter ord og formar dei i lovsong. Vi lengtar etter svaret og finn det i stilla. Saman med englane i himmelen seier vi: All lov og pris og visdom, takk og ære, makt og velde høyrer vår Gud til i all æve.” (Op 7,1)

Ole D. Hagesæther

Djupaste mørker ligg over jord,
frosthard er jorda, stjerna står stor
høgt over huset der på eit fang
Frelsaren kviler, natta er lang.

Kransa kring bålet, hyrdingar små
englesong høyrer. No vil dei gå
like til stallen, stilt stig dei inn,
kneler for barnet, kysser hans kinn.

Angen av høyet, bitter og yr,
pusten av trøytt, nattvarme dyr,
vinden som kviskrar – alt andar ut:
No er han komen! Her er vår Gud!

Kongar frå Austen, vismänner tre,
røykjelse, myrra, gull har dei med.
Vidt har dei fare, langt skal dei dra,
bodskap få bera. Halleluja!

Tettast ved krubba, moderleg god,
vaker Maria, glad er ho no.
Guten ved barmen, tvegen og fin;
Gudson er han, sjå kor han skin!

Maria, Maria, visste du vel
alt det som ventar: Sverd i di sjel,
naglar og tornar, blod på ein kross?
Ofrast lyt Sonen, ofrast for oss.

Djupaste mørker ligg over jord,
alt fekk du prøva, Jesus, min bror.
Gå ikkje frå meg, Herre, eg bed!
Ven frå det høge, du er min fred!

Arnfinn Haram

“Minivisitas” i Varaldsøy

Endeleg kom han til Varaldsøy, biskop Ole D. Hagesæther! Under visitasen i mars måtte han til Austlandet i gravferd, dermed fekk han ikkje vera med på turen til øya. Han gav uttrykk for at han hadde gledd seg til å koma, for han var fast bestemt på at til Varaldsøy skulle han før han slutta som biskop.

Sundag 14. oktober vart tidleg utpeika, og klokka ti var biskop Ole og fru Else Liv komen til kyrkja. Her vart dei tekne imot av kyrkjetenar Svale Våge, og dei fekk ei grundig omvising i kyrkja. Organist Reidar Algerøy greidde ut om det gamle orgelet i kyrkja, det vart bygd i 1852 av Brantzeg Orgelfabrikk i Oslo. Til Varaldsøy kom instrumentet i 1925. Orgelet har 10 stemmer, og vart restaurert i 1972. Mykje vakker musikk har tona under taket i kyrkja gjennom åra, og denne dagen hadde Reidar valt ut både inngangs- og utgangsspel med ekstra omtanke.

Åge Sætre leia første del av gudstenesta, og var stolt over å ha fint besøk i kyrkja denne dagen.



Det synst Varaldsøy kyrkje var nydeteg inni

Biskopen heldt preika over dagens tekst, som handla om den lamme mannen som vart boren fram til Jesus av gode vener. Me fekk høyra om kor viktig det er å bli boren til Frelsaren, og fekk oppmoding om å vera med og bera andre til han i bøn og praktiske handlingar.

Etter gudstenesta bad soknerådet inn til «kyrkjelunch» i skulen. Dei hadde laga nydeleg betasuppe. Dei som valde å gå heim til eigen middag, gjekk verkeleg glipp av eit godt og hyggeleg måltid!

Det vart ei triveleg stund i skulen, og både gjester, soknerådsmedlemmer og vanlege kyrkjegjengarar kosa seg i lag.



Biskopen fekk ikkje sjå kor flinke skuleborna var på sjølve visitasen, så han ville gje eit teikn frå seg til dei.

Hagesæther meinte han ikkje kom tilbake til Varaldsøy som biskop, og det kan nok så vera. Men som privatperson er han hjarteleg velkomen igjen, og dersom han kjem i mai månad, vil han oppleva øya på det vakraste – når alt står i blom... **Hildur Øvsthus**

STUDIEPERMISJON I 3 MÅNADER

Åge Sætre har fått studiepermisjon i 3 månader i to bolkar i 2008. Den lengste varer frå 7. januar til 16. mars (palmesøndag), den neste frå 19. mai til 1. juni.

Han har fått godkjend eit opplegg med tema: Vekkingsforkynning i folkekyrkja. Vegleiaren frå Misjonshøgskulen i Stavanger heiter Ove Conrad Hanssen. Det heile skal enda i ei oppgåve på minst 20 A4 sider. Bakgrunnen for dette vert bøker samt skriftlege og munnlege svar i høve til forkynning særleg i Kvinnherad.

Det er vel påstått (og merkast kanskje!) at prestane får for lite til tid avbrekk og fornying i tenesta. Åge hadde ein 3 månaders studiepermisjon for 21 år sida, så no var det på høg tid...

Det positive for kyrkjelydane er m.a. at de får oppleva andre andlet og nye sider. Vi får elles vona at ikkje for mange av tenestene utanom det naudsynte stoppar opp for ei tid.

Den nye soknepresten i Kvinnherad er på plass



Ein mørk kveld i november blir eg tatt varmt imot i heimen til Sigrun Vik Nilsen og Svein Harald Nilsen. Dei bur midlertidig i leigd bustad på toppen av Skeie med ei fantastisk utsikt utover Storsund. Dei har vore her allereie i over 2 månader og kan fortelja litt om røynsler og tankar omkring det å koma til Kvinnherad.

Var det spesielle grunnar til at de kom til Kvinnherad?

Det var ledig stilling! svarar dei med eit smil. Dessutan er vi begge hordalendingar, og etter mange år i Sogn og Fjordane - Gaupne og Jølster - var det kjekt å koma til trakter vi kjenner godt. Eg er frå Arna, seier han, medan ho fortel at ho er frå Fitjar.

Eg har forstått at de er begge yrkesaktive. Kva jobber du med, Sigrun?

Eg er sjukehusfarmasøyt, tilsett i Helse Fonna. Fram til nyttår reiser eg til Valen sjukehus, medan eg etter den tid skal reisa inn til Odda sjukehus i tillegg.

I gamle dagar – ja ,faktisk for få år sidan, kunne det henga ei forventning til kona til presten, at ho skulle gå inn i ei ferdig rolle ho skulle fylle, som den sjølvsagte vertinne for foreiningar og grupper. Inneber dette noko form for forventningspress for deg, eller det avleggs?

Nei, det er fullstendig avleggs, seier Sigrun bestemt. Eg har mi fulle jobb og kjenner inga forplikting til å gå inn i denne rolla.

Eg las i avisa då du kom hit, at du streka under, Sven Harald, at du er glad i barn. Har du spesielle tankar eller planar for barne- og ungdomsarbeidet?

Når det gjeld denne saka, er eg oppteken av kyrkja si eiga trusopplæring. Vi har medvete tilnærming til born i 4-årsalder og 11 årsalder. Det skjer jo allereie ein god del innan dette feltet, og eg vil ikkje vera tilskodar. Eg vil vera med på det som skjer og var no nett med på Fredagsklubben på Seim der det var ein frisk gjeng unge ungdomar - rundt 25 i talet - som laga liv og røre. Eg får sjå etterkvart kor og korleis vi kan løfta i flokk. Det er jo eit leiarspørsmål, eit kapasitetsspørsmål. Men vi må vera opne for å samarbeida med andre sokn også, t.d. ha samarbeid med Husnes. Vegen dit er ikkje lang.

Kva meiner du er det viktigaste å formidla i evangeliet?

Eg meiner det viktigaste er å formidla Jesu nærvær her og nå. Han er den levande som kjem oss i møte og spør oss om kva vi treng.

Eg er sers oppteken av påskedag som gir oss den levande Frelsaren. Det er kjernen i trua. Dei fyrste kristne markerte fyrst påska og pinsen. Jula kom seinare inn i biletet som kristen høgtid. Vi må sjå alt gjennom oppstandelsesbrillene, elles kjem ein feil ut i tilhøve til livet og trua.

Reint kommunikasjonsmessig er det jo mange ting som spelar inn. Det er jo ikkje berre kva eg eller vi prøver å formidla, det er også eit spørsmål om kva folk høyrer og oppfattar.

Her var det mykje spennande! tenkjer eg, og gler meg til nærare djupdykk i sakene etterkvart.

Ja, korleis kan ein best formidla? spør eg.

Ein må medvete og ærleg bruka seg sjølv heile tida, seier Svein Harald. Det hjelper lite å gjera seg til. Men ein må ein øva seg på ulike måtar. Eigentleg trivast eg ikkje så godt på preikestolen, men eg er jo der av og til. Ved å halda preika nede i kyrkjeskippet, kjem ein nærare kvarandre.

Framhald s. 14

Nokre glimt frå møte med 4 og 6 åringar

USKEDALEN 4. november

Sundag 4. november var dei yngste i høgste grad i fokus i ei nesten fullsett kyrkje i Uskedalen, der det var familiegudsteneste. Ikkje berre vart tre nye uskedelingar døypte denne dagen, det var også utdeling av kyrkjeboka til 10 fireåringar ved kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark. Sokneråda i Kvinnherad har ikkje den same praksisen for denne utdelinga, men i Uskedalen er det tradisjonelt fireåringane som får boka.

Etter utdelinga var det ei songstund som Nelly Kjærland leia. Fireåringane song for seg sjølve og etterpå fekk alle ungane i kyrkja bli med. Den nye soknepresten, Sven Harald Nilsen, hadde gudsteneste for andre gongen i Uskedalen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathis



Borna frå venstre: Kirill Norvald Barthel, Linn Korsnes Storedale, Julie Moss, James Roy Scott, Marita Presthus Traavik,, Ina Lie Traavik



Borna framme frå vinstre: Joachim Sjo Musland, Jonathan Taranger og Jostein Soldal. 2. rekke: Nils Rainer Strüter Vågen, Christoffer Tungsveik Hauge, Ella Karina Hjønnvåg, Silje Soldal og Tørres Lekva Myklebust. Bak: Saima Kristine Lomhei Døssland på fanget til mor, Edle og Joakim Snilstveit.

ØLVE - det øvast til 21. oktober

Onsdagen før denne søndagen samlast 4, 5 og 6 åringar med føresette i kyrkja for å bli litt betre kjend med folk og tilhøve der - øva på songar og leika litt.

Det var nok første gongen pølse med brød stod på menyen i kyrkja. Det vart full klaff. Masse humør og glede var det (sjå bilete), sjølv om ikkje alle innbodne var der. Heldigvis kom alle på søndagen, men då var ikkje kameraet vårt i godlage.



Frå venstre: Markus Håland Lie, Hanna Hestad Eikeland, Judith Skår Jakobsen, Tora Tuften Aksnes-Øystese, Arne Klepsvik Linga, Otto Femsteinevik, Ole-Kristian Stølen, Kristian Grønevik Ask, Simen Prestnes Fosså. Innfeldt: Erik Håland Lie.

Konfirmantjubileum for Ølve og Hatlestrand 23. september



1. rad frå venstre: Berit Falkenes (f. Åsen), Olaug Hansen (f. Nordås), Viola Lie Bondhus, Kirsten Knudsen (f. Skarvatun), Astrid Haavik (f. Lønning), Selma Marie Hjellestad og Johannes B. Bjørklund. 2. rad: Jens Kirkhus, Anne-Karin Lindskog (f. Ask), Martha Tråvik (f. Nordås), Helga Ås (f. Nerhus) og Lars Helvik. 3. rad: Birger Teigen, Ingemar Traavik, Per Eikeland, Andreas Skarvatun, Gunnar Ulvenes og Kåre Lønning.

Dagen starta i Ølve kyrkje. Fyrst kom borna fram og song eit par songar. Det var også presentasjon av dei nye konfirmantane, som kom fram og mottok kvar sin Bibel.

Sidan reiste alle jubilentane seg. Dei fekk koma fram etter gudstenesta og ta bilete, før dei reiste inn til Ølve skule og festmiddag. Der var det pynta og dekkja på småbord i gymsalen.

Jubilantane møtte gamle kjende og hadde ikkje problem med å få praten til å gå. Stillare vart det, då oppmodinga kom om å reisa seg og seia nokre ord.

Men Kåre Lønning nytta høvet, til å fortelja litt frå konfirmasjonstida, frå byturen med far, for å kjøpa dress og andre klede: ”To dagar i mi tid har eg gått med nye klede frå topp til tå; det var til konfirmasjonen og då eg gifte meg.” ” Du må

ikkje gløyma baskeren, Kåre, me var stilige i den” legg Gunnar Ulvenes til, og fortel at vegen til Ulvenes var ferdig det året, så det var komen bil til tunet. Det var ikkje snakk om femseter eller sjuseter i dei dagar, så på konfirmasjonsdagen vart alle stuva inn i den.

No kunne fleire supplera med både det eine og hitt. Og då sers om prestane, ”dei var ikkje alle like nei” Serleg var dette synleg på overhøringa, då enkelte kunne vera i strengaste laget, men ”ein prest, sa Kåre Lønning, ”var så mild med ungdomane, at om dei svara feil på noko, så fekk han alltid rota det til slik at det vart rett likevel.”

Astrid Haavik fortalde at 60 års jubilentane gjekk nesten ikkje for presten, for han slutta og vikarpresten let venta på seg. Men eit par lesetimar om hausten og eit par timar på våren, held så vi klarte overhøringa.

AZ

Julehilsen til “Over Fjorden”

- ”Alt har sin tid”

heter det hos Forknren(3,1) Sannere kan det ikke sies. Tiden i Kvinnherad prestegjeld kan vi nå se tilbake på. Den er gått over i historien. Men fra denne tiden har vi tatt med oss stor glede og dyp takknemlighet, både over tjenesten som prest og over alle de mennesker som vi fikk lære å kjenne. Gjennom de tre årene vi fikk ha

vår tjeneste både på ”sørsio” og ”nordsio”, ble vennskapsbånd knyttet som vi gjerne ønsker å ta videre – selv om vi ikke lenger er bosatt på Skeie og Seimsfoss.

Vi har nå installert oss i vår nye pensjonistbolig i Bergen. (forts. s. 11)

Fleire konfirmantjubiléum



Foran sit frå venstre Nils Vågen (1936), Liv Ljosnes (1937), Lillian Evelyn Kaldestad (1937) og Ragna Myklebust (1937).

I andre rekkja, frå venstre, står Sigurd Ådmund Haugland (1957), Ingolf Torleif Musland (1957), Inger Olsen Moberg (1957), Sverre Johan Myklebust (1957), Bjørgulv Johan Eik (1947), Solveig Kongsvik (1956), Ingrid Ingrid Karina Ljosnes (1947), Karin Johanna Haug (1947) og Edvin Magne Kjærland (1947).

I tredje rekkja, frå venstre, står Olaf Agnar Gausvik (1956), Solveig Tordis Haugland Olsson (1957), Anne Brith Bringedal Clementsen (1957), Elisabet Konstanse Onarheim (1947), Lilly Guddal (1947), Aud Borgfrid Rødsten (1947), Odd Henry Rød (1947) og Birger Myklebust (1947).

I fjerde rekkja, frå venstre, står Borghild Snuggerud (1956), Harald Raustein (1956), Arne Terje Haugland (1957), Kåre Magnus Rød (1956), Per Åsgeir Døssland (1956), Lars Magne Haugland (1956), Nils Magnus Raustein (1957) og Jan Henrik Hansen (1957).

(Foto: Audun Eik)

USKEDALEN 7. oktober

Markeringa byrja med noko heilt nytt, ei kulturell ”vandring” laurdag. Og det heldt fram med gudsteneste søndag der jublantane fekk møta den nye soknepresten Svein Harald Nilsen. Han hadde si første preike i Uskedalen kyrkje denne dagen og fekk ei spesiell velkomsthelsing av soknerådsleiar og primus motor for konfirmantjubiléet Audun Eik.

På Solheim var det ikkje berre overgådig servering og innlegg ved presten, det var naturleg nok også ei mimrestund der mange gode minner vart utveksla.

Eit minne som gjorde inntrykk var eit som 1956-konfirmantane hadde:

Ei tid før konfirmasjonen hadde biskop Ragnvald Indrebø visitasgudsteneste i Uskedalen og då stilte dei opp på kyrkjegolv for å svara på spørsmål. Då svara konfirmant in spe Kåre Magnus Rød så godt for seg at biskopen gret og heile ”overhøyringa” var stoppa, vart det fortald på Solheim.

Sjølv hugsar han korkje spørsmålet eller svaret, men ein klassekamerat meiner svaret var : ”Jesu hjarta brast”!

Tekst: Ola Matti Mathisen

ÆNES 21. oktober

Konfirmasjonsjubileet i Ænes kyrkje var i 2007 lagd til søndag 21. oktober. Ein søndag med retteleg fint ver. Etter gudstenesta i kyrkja drog jublantane til Olaløa for ein god middag. Det var dei som var konfirmerte i 1937, i 1947 og i 1957 som var inviterte. I alt ni av dei inviterte møtte fram.

RN

Mennene i andre rekkja er: Bård Bråtun, Samson Bakke, Trygve



Bråtun, Kjell Bråtun og Erling Øyjord.

Kvinnene i fremste rekkja er: Jenny Hesvik Aarsand, Olga Bråtun Wang, Einfrid Mehus Storegjerde og Agnes Øyjord Bakke.



Frå venstre: *John Skåle, Solfrid Guddal Søyland, Bjarne Guddal, Marit Hjelmeland Berge, Knut Vik, Sara Margrethe Høyland, Tørris Skaaluren, Ingrid Hjelmeland Hetleflåt, Bjørg Tveitnes Waage, Sigrid Margrethe Medhus Isaksen, Helge Albrethson, Åse Albrethson Steine, Marta Hjelmeland Hestad, Sigrid Mælen Ebne, Berit Landa Lyngnes*

(Foto:Grenda/Aslaug Hellesøy)

ROSENDAL 19. august:

GOD STEMNING PÅ 50-ÅRSJUBILEET

Den 19.august var 16 av dei 29 som var konfirmerte i 1957 i Kvinnherad kyrkje samla til ein lita og fin jubileumsmarkering. Soknerådet hadde invitert, og jubilantane møtte i kyrkja fyrst. Deretter samla dei seg på Rosendal fjordhotell, der representanten for soknerådet Aslaug Hellesøy opna samveret der med ein fint framført song, og deretter mintes ho på ein fin måte dei fire frå konfirmantkullet som var døde i løpet av desse 50 åra. Trass i at mange ikkje hadde sett kvarandre eller hatt sers kontakt i desse åra, synte både stemning og atmosfære at dei hadde noko felles, at det var usynlege band som batt dei saman. Det hadde kome jubilantar frå både Etne, Bergen og Kopervik, og det vart helsa frå Oslo og Jæren frå einskilde som ikkje kunne møta. Det var ein ekte og varm stemning under samlinga, som alle som var til stades sette stor pris på.

Bjørg Wåge Tveitnes

ÅKRA 21. oktober

Søndag 21. oktober var det konfirmantjubileum i Åkra. Dette året inviterte soknerådet dei som vart konfirmerte for 80, 71, 70, 61, 60, 51 og 50 år sidan. Av desse var det 17 jubilantar som møtte. Med følgje vart det ein fin flokk som var samla til fest i Åkra bedehus.

Dagen byrja med gudsteneste i Åkra kyrkje. Gudstenesta vart leia av Arne Lindekleiv. Svein Bergseth deltok med salmesong.

På festen i bedehuset serverte soknerådet betasuppa, med kaffi og kaker etterpå. Lars Eirik Tjeldflåt leia festen med stødig hand denne gongen òg. Han klarde å lokka fram muntre minne frå konfirmasjonstida til fleire av gjestene. Ei tid som var ganske annleis enn den tida me lever i.

Det vart òg tid til drøs for mange som ikkje hadde sett kvarandre på fleire tital år. Innimellom stemde Svein Bergseth i med vakre kjærleikssongar, salmar og humørfylte songar og stev. Soga om «Løva i Hålandsdalen» gjorde at gjestene fekk trimma lattermusklane.

Det er gildt å samlast til fest. Men på slike stader er det ferjetidene som styrer oss. Så mange hadde nok hatt lyst til å drøsa ei stund til då Tjeldflåt runda av og takka for samværet.

gvt



DÅP MED FEM GENERA SJONAR

18. november 2007 vart Susanne Moss Sandal døypt i Ølve kyrkje. Ho sit på tipp-oldemor Britanna Solstad sitt fang. Frå venstre mor Cecilie Moss Eide, bestemor Rita Moss Gustafsson og oldemor Else Moss. Til slutt må det nemnast at dåpskjolen er det tipp-tipp-oldemor som har sydd!



Dåpsklubben TRIPP TRAPP vil nå fleire

Sidan 1999 har dåpsklubben TRIPP TRAPP formidla bibelforteljingar, gode historier, gamle og nye songskattar til tusenvis av barn. No lanserer klubben ein kampanje for å nå endå fleire. Målet er 7000 medlemmer i 2007.



- Klubben har i dag cirka 6800 medlemmer. Vi trur difor det er gode sjansar for å nå målet, seier Cecilie Holdø, dagleg leiar i TRIPP TRAPP
- Ho trur mange foreldre og besteforeldre er på jakt etter bøker og materiell som kan hjelpa barna å bli kjend med den kristne kulturarven
- Vi får mange positive tilbakemeldingar frå foreldre som synest produkta frå dåpsklubben er ei god motvekt til mykje av det barnet møter i ulike media. Mange gjev også uttrykk for at dei synest produkta våre er ei hjelp til å snakka med barnet om Gud og det å tru. Klubben er også populær som faddergåve, legg ho til.

Cecilie Holdø fortel at klubben er eit tilbod til barn i alderen 0 til 12 år, og at medlemsskap i dåpsklubben TRIPP TRAPP også er eit fint gåvetips for besteforeldre, foreldre og andre som ynskjer å levandegjera den store gåva barnet får i dåpen. Som medlem i klubben får gjevaren tre gonger i året tilbod om ein pakke til barnet. I pakken finn ein alt frå tøyleikar og krabbeteppje til forteljingsbøker, praktbøker, CD-ar og filmar som kan vera med å gje barnet kunnskap, tryggleik, leik og undring.

Tlf. til IKO: 22 59 53 00

Internett: iko.no. Klikk vidare på Tripp trapp og sjå på innhald.

MIN JULASONG

Når tanken kjem inn på min julasong, så er det uråd å ikkje minnast barndomstida på Hatlestrand. Songen og den tida er så samanknytt.

I den tida var det krig i landet og i verda, og det var mykje fattigdom. Det var ikkje gåver eller mykje klede eller overflod av mat. Var rasjonering på det meste. Men ingen ting kunne ta frå meg julagleda og forventninga. Det var den gode heilage høgtidskjensla og fredskjensla som rådde. Juladagane og heile romjula var ei lang avslappande helg. Og det smitta over på den som var liten.

Men gleda starta eigentleg i skulestova hos Pådl'n. Då det leid mot jul og han henta fram fela si i siste timen, som var songtime, då var det noko på gong. ” I morgon er det fyrste sundag i advent.” Då var det å øva på ”Gjer døri høg, gjer porten vid.” Alt då seig julastemminga inn. Og så var det å øva på så mange julasongar me rakk over fram til jul.

Me var berre to born ”utante bygda” i den tida, det var bror min og eg. Men me gjekk kvar sin dag, så eg var alltid åleine på den lange skulevegen. Men det hadde si føremun. Dermed fekk julasongar, englesongen på Betlehemsmarka og Jesusbarnet i krubba, leva sitt uforstyrta liv i sjel og sinn.

Det var alltid turrfrost med is på vasspyttane i den tida, og gjerne ørlite grann snødrev i lufta. Og når ein då ikkje hadde sut for nokon ting og jula nærma seg. Kunne det då verta betre?

I min heim song me mykje. Me hadde orgel og fleire andre instrument. Og dei fekk i alle fall aldri fred og ro, Fann me songar med notar til i blad og tidsskrifter, så var det berre å øva inn. Og det er opphavet til min julasong som aldri går av minnet. Teksten er av Prytz. Tone og harmonisering av Lars Sørås.

**Det er jul ennå en gang,
dempet lyder i mitt øre
som en gammel fredfull sang.
Julekvad bak hjemmets døre,
slik jeg sang den barneglåd
da på min moders fang jeg satt.**

**Det er jul ennå en gang.
Å, jeg trenger julens tone.
Trenger juleklokkers klang
til å trøste og å sone,
til å bringe glede inn
i et sårt og sorgfullt sinn**

**Det er jul ennå en gang.
Hadde vi kun barnets øre
og et barnehjertes trang
til de milde ord å høre.
Herre sign vår julefest,
vær du selv vår høye gjest.**

Som barn måtte eg alltid ut for å høyra kyrkjeklokka i heimekyrkja på Hatlestrand, ringe jula inn. Det same gjer eg når klokkene ringer jula inn i kyrkja mi her i Ølve. Ei lita stille stund. Då er det jul endå ein gong!

Klara Netland Berge



Julehilsen .. (fra s. 7)

Et rekkehus vi har bygget litt om og ellers satt nye farger på. Vi må innrømme at den nye status som pensjonist kjennes litt merkelig, for dagene er for det meste fullt opptatt – bare med den forskjell at nå er det vi selv som bestemmer hvor og når.

Marit er engasjert i frivillighetsarbeid på sin ”gamle” institusjon, Diakonissehjemmet, hvor diakonifelles-skapet danner meningsfull ramme. Og allerede før flyttelasset gikk fra Seimsfoss, lå ny oppgave og banket på døren for den nyslåtte pensjonist.

En tre-ukers oktober-reise til Østen gjorde nærmere klart hva dette vil medføre, og før jul blir det enda en reise for å kunne utarbeide en helhetsplan for de nærmeste år sammen med lokale ledere. Det hele dreier seg om å bygge opp et prosjekt knyttet til teologisk undervisning og opplæring av ledere. Oppgaven er å være konsulent eller rådgiver. Dette vil innebære at vi begge to deler av året vil være tilbake på ”gamle tomter” og med nye utfordringer. Kjempespennende!

Men julen får vi altså ikke i Kvinnherad. Vi kommer til å savne den hektiske julaften hvor den ene gudstjeneste avløser den andre – fra tidlig høytidsstund på Rosendalstunet til avslutning i den vakre og ærverdige Kvinnherad kyrkje. Men jul uten juledagens høgtidsgudstjeneste er forkortet julefeiring. For uten budskapet om Ham som kalles Ordet og som ble menneske og tok bolig iblant oss, blir det ingen hel jul.

Vi vil gjerne ønske hver og en en riktig god julehøgtid med – fred i hjertet som merke.

*For dette barn skal vi engang
få prise Gud med evig sang.*

Beste hilsener fra Marit og John Victor Selle

KONFIRMANTSAMLING I ROSENDAL 22.09.07



Vi startar i gymnastikksalen. 70 (nokre av dei var der ikkje) konfirmantar skal bli meir kjende. Dei har alle namnelapp på seg og må alle gå rundt, spørje og få svar på mange rare spørsmål. T.d.: Endeleg var det nokon som hadde grøn tannkost !



Framleis tome svarfelt. Etter kvart drøvtygger vi endå meir på konfirmantnamn ved å spela namnelotto! Oddbjørg held konfirmantane i ånde i lang tid.



Men snart må vi gå til energiinntak. Bedehuset er staden. Foreldre (sjå bilete nedst til venstre) hjelper til med ein nydeleg gryterett med mykje sunt og godt grøntfor.



Her ventar nokon endå på tur til å få mat. Stemninga er likevel upåklageleg.



Siste stoppestad er kyrkja. Der leier Sven Harald oss i gjennom korleis ei gudsteneste er bygd opp og kvifor. Konfirmantane begynner i våpenhuset og flytter litt på seg for kvar "stasjon" i gudstenesta.

Etter vi har vore saman frå kl.10.30 til kl.17.00 har det - etter rykta å døma etterpå - vore ei bra storsamling for alle konfirmantane i Kvinnherad prestegjeld.

ÅS

TV-overføring av gudstenester frå Kvinnherad kyrkje

Besøksven Wenche Skaaluren med fleire har etterlyst status når det gjeld overføring av gudstenestene i kyrkja på TV på Rosendalstunet. Skaaluren skreiv seinast i debattinnlegg i lokalavisene i byrjinga av oktober ei oppmoding til soknerådet om å gje ei orientering om saka i lokalpressa. Saka har vore diskutert i Kvinnherad sokneråd ved fleire høve, og det vart difor rykka inn eit lesarinnlegg i Granda 25. oktober der ein gav svar frå soknerådet på status i denne saka.

Soknerådet vil først beklage at det har teke lang tid å igjen få til eit opplegg for TV-overføring av gudstenestene i kyrkja, slik ein tidlegare hadde i mange år. Kamerautstyr som ikkje lenger fungerte og brot i gamal kabel som var lagt mellom Kvinnherad kyrkje og Rosendalstunet var hovudårsaker til at sendingane måtte stogkast. Å legge ny kabel frå kyrkja til Rosendalstunet ville blitt svært kostbart, og ein har mangla teknisk kompetanse i soknerådet til å velje ut og kjøpe inn rett type kamerautstyr som med dagens teknologi skal kunne overføre sendingar frå kyrkja til Rosendalstunet på ein kvalitetsmessig god måte. Ein klarte difor ikkje få dette på plass til kyrkjejubileet i 2005.

I etterkant av diskusjonen i 2005 har Kristen Mediaressurs med lokal-TV konseptet "TV Sydvest" etablert seg i kommunen, og bygd opp kompetanse og ei teknisk løysing som er svært godt tilrettelagd for den type TV-sendingar som det her er tale om. Dei har i tillegg tilbydd soknerådet å filme gudstenestene utan kostnad for soknerådet eller Rosendalstunet, og vise dei som eit program på Kvinnherad Breiband si TV-løysing. Rosendalstunet har allereie vald å investere i denne TV-løysinga som basis for TV-bruk både på fellesrom og til kvar bebuar, og dei tilrår difor soknerådet å nytte denne løysinga. For å kunne sende gudstenestene direkte frå kyrkja til Rosendalstunet (og til alle som har TV-løysinga til Kvinnherad Breiband) må kyrkja ha fibertilknytning frå Kvinnherad Breiband.

Løysinga har vorte forseinka av 2 årsaker:

1. TV-Sydvest har brukt lengre tid enn planlagt på å få på lufta TV-løysinga si, som vart klart i sept.
2. Pga. gravearbeid på vegen nedanfor kyrkja har ein ennå ikkje kunne føre fram fiberkabel til kyrkja.

Kvinnherad sokneråd vil på basis av mellom anna initiativet til Wenche Skaaluren arbeide hardt med å få fortgang i denne saka.

Vi vil for det første inngå avtale med TV-Sydvest om å begynne opptak av gudstenestene så snart som råd er, men då slik at dei vert send i opptak seinare på sundagen. Då treng ein ikkje fibertilknytning til kyrkja. Dette håpar ein å kunne starte opp med på siste gudstenesta i november i år.

Ein vil og avklare med soknepresten, kyrkjevevje og dei andre tilsette som er involvert i gudstenesta korleis ein best kan gjennomføre opptak frå gudstenestene. Dette gjeld alt frå plassering av kamera, kor ein skal filme og til korleis dei som filmar opptrer under gudstenestene. Det vil verte nytta minimum 2 kamera under kvar gudsteneste. Samstundes vil ein starte arbeidet med å legge fiberkabel fram til kyrkja. Deler av gravearbeidet vil soknerådet gjere på dugnad, men mesteparten av arbeidet må skje av Kvinnherad Breiband. Her er problemet at dei mykje å gjere om dagen, og har svært mange prosjekt i "kø". Vi håper likevel å ha fibertilknytninga på plass før jul.

Om det er folk i soknet som er interessert i film og video, og som kunne tenke seg å vere med og filme, kan ein ta kontakt med soknerådet, som vil vidareformidle denne informasjonen.

Med venleg helsing for Kvinnherad sokneråd

Per Inge Olsen



FRÅ VOGGE TIL GRAV...



Kvinnherad

Døypte:

16.09.: Maria Hass Solheim

14.10.: Tord Hjelmeland

Klara Bartlett Enes

Mia Endresen Taranger

27.10.: Adrian Kornelussen Leite

28.10.: Håvard Hjelmeland

Niklas Skogseide Hjelmeland

11.11.: Sondre Hellingsrud

Emil Hellingsrud Fosse

Rachelle Wassouf Smaamo

Mats Ubanos Snilstveit

Vigde:

27.10.: Monica Kornelussen og Leif-Arne Leite

Gravlagde:

06.09.: Karoline Cecilie Myklebust

21.09.: Gunnar Helle

Jan Henrik Hauge

17.10.: Asbjørn Tofte

18.10.: Ludvik Eik

12.10.: Arild Malmanger

24.10.: Ragnvald Pile

02.11.: Konrad Gjerde

07.11.: Klara Sætre

08.11.: Torbjørg Nedrevåg



Uskedalen

Døypte:

19.08.: Vilde Haugland Røstbø (Døpt i Husnes)

09.09.: Petter Myklebust

Linnea Hølleland Hauge

04.11.: Anders Flygansvær Feet

Simon Musland

Victoria Svendsen Andreassen

Gravlagde:

06.11.: Wilhelmine Myklebust



Ænes

Døpt:

07.10.: Joakim Hellesøy



Åkra

Døpt:

30.09.: Daniel Vidvei Isaksen

(Døpt i Herre kirke)



Hatlestrand

Døypte:

21.10.: Emma Ottosen

Lilli Tuften Aksnes-Øystese

Gravlagde:

19.10.: Helmer Hauge



Ølve

Døpt:

18.11.: Susanne Moss Sandal



Den nye soknepresten ... Frå s. 5

Det er også ulike gudstenesteopplegg ein kan jobba med i kyrkja, f.eks. Tomasmesse og diverse opplegg for born. Det er jo ikkje berre preika som er viktig, skyt Sigrun inn. Heile gudstenesta er viktig når det gjeld formidling. Ja, supplerar Svein Harald, og vi har Ung messe, bruk av drama, bønelappar til Gud. Å bli teikna handa med vatn i løpet av gudstenesta er eit konkret symbol verd å merka seg. Eg har i konfirmasjonsundervisinga brukt Kristuskransen med konkrete symbol knytta til kvar perle.

Elles er det viktig å bruka kyrkjerommet. Som middelalderkyrkje er Kvinnherad kyrkje sers ulik moderne arbeidskyrkjer! seier Svein Harald med eit smil, men det er viktig å ikkje tenka på at ho kanskje burde vore annleis!

Det er mangt og mykje som er mogleg, også i ei middelalderkyrkje.

Er det saker de elles brenn for?

Vi vil gjerne formidla at kyrkja er det som skjer lokalt, seier dei. Kyrkja er alle som vil vera med, den er dei som bur her. Kyrkja har rom for alle som vil vera med, seier dei med ettertrykk. Kyrkja har opne dører, men også tak og vegger. Eg vil nok meir formidla kyrkja sitt sentrum enn yttergrensene, seier Svein Harald.

De har jo ikkje vore her så lenge, men korleis trivst de her i Kvinnherad?

Det er kjekt å vera her, seier dei nærast i kor. Folk her er opne og direkte, dei tek kontakt og gir tilbakemelding, meir enn vi er vane med. Vi kjenner oss heime her, i folkelynne og natur.

Vi er glade i å gå i fjellet, men har ikkje fått nytta det så mykje enno. Vi har hatt det rimeleg hektisk så langt. Svein Harald fortel at han er tillitsvalt for prestane i Bjørgvin, og at det sjølv sagt tek mykje tid.

Elles fortel Sigrun at ho likar å fotografera og laga album og er oppteken av blomar og broderi. Begge fortel at dei er glade i litteratur, og eg kaster svoltne blick på alle dei gode bøkene i bokhylla.

Vi er begge opptekne av kulturelle tilbod! seier dei med ettertrykk, og ser fram til å nytta dei godane i kommunen!

Og eg er sikker på at vi er mange som ser fram til nærare kjennskap med det nye presteparet i Kvinnherad sokn.

GUDSTENESTEPLAN

VÅREN 2008

6. januar	Kvinnherad kl.11: Misjonsgudst. Nattverd. SHN
13. januar	Ænes kl.11: Nattverd. SHN
20. januar	Kvinnherad kl. 11: Nattverd. SHN Ølve kl.11: Vikar. Varaldsøy kl.15: SHN
27. januar	Uskedalen kl.11: Vikar Hatlestrand kl.15: Vikar
3. februar	Kvinnherad kl.11: Familiegudst. SHN Uskedalen kl.19.30: Ung Messe. SHN
10. februar	Åkra kl. 11: Vikar
17. februar	Kvinnherad kl.11: Nattv. SHN Varaldsøy kl.11: Vikar Ølve kl. 15: SHN
24. februar	Uskedalen kl.11: Vikar Hatlestrand kl. 11: Vikar Ænes kl. 15.30
2. mars	Åkra kl.11: SHN Varaldsøy kl.11: Vikar Kvinnherad kl. 19.30: Ung Messe. Nattv. SHN
9. mars	Ølve kl.11: Vikar
16.mars	Kvinnherad kl.11: Høgmesse. SHN Åkra kl.15: Konsert
20.mars	Uskedalen kl.11: SHN Kvinnherad kl.19.30: Nattverd.SHN Hatlestrand kl.19.30: ÅS
21.mars	Ænes kl.11: Langfredagsgudst. Nattv.SHN Ølve kl.11: Langfredagsgudst. ÅS
23.mars	Kvinnherad kl.11: Høgtidsgudst. SHN Ølve kl.11: Høgtidsgudst. ÅS Varaldsøy kl.15: Høgtidsgudst. HØ Åkra kl.11: Høgtidsgudst. Vikar. Uskedalen kl 19.30: Høgtidsgudst. Vikar
24.mars	Hatlestrand kl.11: Høgtidsgudst. ÅS
30.mars	Kvinnherad kl.11: Påskefest- familiegudst. SHN
6.april	Ænes kl.11: Vikar Hatlestrand: ÅS

13. april	Åkra kl.11: Familiegudst. SHN Varaldsøy kl.11: ÅS Kvinnherad kl.19.30: Tomasmesse. SHN
20. april	Uskedalen kl.11: Familiegudst. SHN
27. april	Kvinnherad kl. 10 og 12: Konfirmasjon SHN Ølve kl.11: Konfirmasjon. ÅS
1. mai	ikkje gudsteneste.
4. mai	Uskedalen kl. 10 og 12. Konfirmasjon. SHN Hatlestrand kl.11: Konfirmasjon. ÅS
10. mai	Åkra kl.11: Konfirmasjon. ÅS
11. mai	Kvinnherad kl.11: Høgtidsgudst. SHN Varaldsøy kl.11: Konfirmasjon. ÅS Uskedalen kl.19.30. Høgtidsgudst.
12. mai	Ænes kl.11: Høgtidsgudsteneste

SOKNERÅDSVAL PÅ VARALDSØY OG HATLESTRAND

Desse to sokna gjekk i det ordinære valet i 2005 inn for ei prøveordning der halvparten av medlemene i soknerådet kvart anna år vert valt for 4 år , medan alle varamedlemene står i 2 år. Poenget er at det lettare skal verta meir kontinuitet i soknerådet. Dermed slepp ein t.d. å ha eit heilt nytt sokneråd etter val.

Resultatet for Hatlestrand på valdagen 28.10 var følgjande:

Medlemer vart Helge Hjortland, Borghild Gangdal og Svein Åge Vangdal. Varamedlemer vart Bjørg Femsteinevik, Olav Stølen, Liv Djuvslund og Martha Bergthun. Frå 2005 er Vidar Ask, Tone Boland Johansen og Liv Bergtun Hanssen medlemer.

Resultatet for Varaldsøy på valdagen 04.11:

Medlemer vart Åse Mari Aakre, Svein Olav Kjærevik og Magni Nedrevåge. Varamedlemer vart Margunn Mæhle Øvsthus, Haldis Solsvik, Georg Johan Øyerhamn, Målfrid Tveit og Evelyn Åkre Nedrevåge. Frå 2005 sit no i 2007 Åsa Våge, Torbjørg Øye og Per A. Svindland att som medlemer. Etter ein avtale skulle dei 2 som fekk flest stemmer i 2005 sleppa no, slik at dei slapp å sitja i tilsaman 8 år.


Vi ønskjer dei lukke til, alle som vart valt. Guds signing over liv og virke!

Både dei gamle og nye i alle sokneråda på nordsida, samt tilsette og friviljuge, vert innbodne til ei førjulssamling på Varaldsøy i desember.



Returadresse:

Over Fjorden
v/Grethe Ljostveit
5637 Ølve



Rosendal Sport



Inga i Hamnen
- ein bunadskafé

Inga S. Hauge - tlf. 53 47 72 00



**GÅVER
TIL
DÅPS-
BARNET**

vestbok

Vetrlidsallm. 1, 5014 Bergen
Tlf. 55 31 79 63 - www.vestbok.no



Alt i bilreparasjonar, bilberging, bensinstasjon

ØLVE BILSENTER AS
5637 Ølve Tlf. 53 48 91 76

